

ÅRSPLAN

SMÅFOLK
BARNEHAGE

UNDERBAKKEN 27
5590 ETNE

Tlf: 53 75 51 10

2019/2020



INNHALD

Velkommen til oss	side 3
Presentasjon av Småfolk Barnehage	side 3
Barnehagen sine føresetnader	side 4
EQ - Barnehage	side 5
Barnehagen med dei gode forteljingane	side 6
Omsorg	side 7
Progresjon Omsorg	side 8
Danning	side 9
Progresjon Danning	side 10
Foreldremedverknad	side 11
Barns Medverkna	side 12
Leik	side 13
Progresjon Leik	side 14
Læring	side 15
Progresjon Læring	side 16
Nye barn	side 17
Samarbeid med skulen	side 18
Dagsplan	side 19
Gruppene våre	side 19
Dyra våre	side 20
Diverse	side 21
Oppfordringar	side 22
Feiringar og Merkedagar	side 23 - 24

VELKOMMEN TIL OSS

Nok eit nytt barnehageår er komme og med det ein heilt ny årsplan.

Ein årsplan vil bl.a. gi informasjon om korleis me i barnehagen vil jobbe med omsorg, danning og læring for at barnet får ha ei allsidig utvikling, i samarbeid med foreldre/føresette.

I 5-årsplanen vil de finna desse overskriftene: Personalsamarbeid, vurdering og dokumentasjon, vurderingsarbeidet – slik gjere me det, Foreldresamarbeid, LØFT, Danning, Omsorgsrolla, Leik og læring, Barn sin medverknad, Mat og helse, Overgong barnehage – skule, Barn med særskilde behov, Kompetanseheving, Samarbeidspartnarar, Fagområda og Progresjonsplan for dei ulike fagområda.

Barnehagen sine vedtekter vert lagt ved kontrakten når ein tek imot barnehageplass.

PRESENTASJON AV SMÅFOLK BHG.

Småfolk Barnehage er ein privat eigd barnehage som held til på Nedre Grindheim, 3 km aust for Etne sentrum.

Barnehagen har ope heile året med opningstid frå kl. 06.45 – 17.00. Barna kan få plass etter foreldra sin arbeidsturnus og ein har også høve til å kjøpe ekstra dagar dersom det er ledig kapasitet.

Barnehagen har 130 heildagsplassar for barn i alderen 0-6 år.

Det er Anette Lauareid Hovda og Anne Grethe Rullestad som eig og står for drifta av barnehagen og begge er utdanna førskulelærarar.

BARNEHAGEN SINE TØRESEGNER

Dette seier barnehagelova:

”DEL 1 §2 Barnehagens innhald

Barnehagen skal være en pedagogisk virksomhet.

Barnehagen skal bistå hjemmene i deres omsorgs- og oppdrageroppgaver, og på den måten skape et godt grunnlag for barnas utvikling, livslange læring og aktive deltakelse i et demokratisk samfunn.

Omsorg, oppdragelse og læring i barnehagen skal fremme menneskli likeverd, likestilling, åndsfrihet, toleranse, helse og forståelse for bærekraftig utvikling. Barnehagen skal gi barn muligheter for lek, livsutfoldelse og meningsfulle opplevelser og aktiviteter i trygge og samtidig utfordrende omgivelser.

Barnehagen skal ta hensyn til barnets alder, funksjonsnivå, kjønn, sosiale, etniske og kulturelle bakgrunn, herunder samiske barns språk og kultur.

Barnehagen skal gi barn grunnleggende kunnskap på sentrale og aktuelle områder. Barnehagen skal støtte barns nysgjerrighet, kreativitet og vitebegjær og gi utfordringer med utgangspunkt i barnets interesser, kunnskaper og ferdigheter.

Barnehagen skal formidle verdier og kultur, gi rom for barns egen kulturskaping og bidra til at alle barn får oppleve glede og mestring i et sosialt og kulturelt fellesskap.

Departementet fastsetter en rammeplan for barnehagen. Rammeplanen skal gi retningslinjer for barnehagens innhold og oppgaver.

Barnehagens eier kan tilpasse rammeplanen til lokale forhold.

Med utgangspunkt i rammeplan for barnehagen skal samarbeidsutvalget for hver barnehage fastsette en årsplan for den pedagogiske virksomheten.”

Dette er punktet som barnehagen vil fylgje opp bl.a. gjennom denne årsplanen. I årsplanen vil de få informasjon om korleis barnehagen vil leggje til rette for barna si læring og utvikling og kva mål me har sett for vår pedagogiske verksemd.

Alle tilsette i barnehagen har fått kvar sitt eksemplar av rammeplanen. Rammeplanen er lagt til grunn for vårt arbeid med årsplanen. Samarbeidsutvalet skal godkjenne årsplanen før han blir sendt ut til foreldra.

Årsplanen vart godkjend av SU: 25.10.19

EQ-BARNEHAGE

Småfolk barnehage er den fyrste EQ-barnehagen i Norge.

Målsetjing for ein EQ-barnehage er:

Gi barnehagetilsette høve til å få ein nær, kjærleg og slitesterk relasjon til seg sjølv, slik at dei kan skape ein tilsvarande relasjon til andre vaksne og barn.

Skape språkglede i barnehagekvardagen ved at dei vaksne har eit ikkje-dømmande menneskesyn, har eit rikt ordforråd for kjensler og snakkar eit konflikthemmande personleg språk

Korleis gjer me det:

- møte barn på alle følelsane deira- la dei få vera sinte, lei seg, frustrerte, glade, spente
- bruka personleg språk; eg ynskjer, eg føler, eg ser
- unngå; bør, skal, må- kven bestemmer at eg må kle meg? gir barna ei forklaring bak ynskjene våre- kva er grunnen til at eg vil dette?
- ber om unnskyldning om eg har gjort ein feil. vaksne er dei aller viktigaste forbilda for barna. ved at me seier unnskyld når me har gjort noko ugreit lærer me barna å seie unnskyld
- opptatt av å møte begge partar om det oppstår ein konflikt mellom barna
- dei vaksne har 100% ansvar for å skape den gode relasjonen til barna

BARNEHAGEN MED DEI GODE FORTELJINGANE

Mål: - skapa språkglede i barnehagen

Korleis gjer me det:

- attfortel gullkorn/historiar til foreldra, barna og medarbeiderar
- felles songsamling kvar morgon/utvida samling ein gong i mnd.
- samlingstund gruppevis med eventyr og forteljing
- me les bøker- barnehagen har mange bøker, og me brukar biblioteket på skakkesenteret
- bruk av rim og regler
- deler dagen vår med foreldre gjennom rapport på vigilo
- brukar eit aktivt språk gjennom kvardagen, - prega av undring, bekrefting og engasjement



[froskefilm](#)



OMSORG

«Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling» (barnehagelova § 1 formål, 1.ledd, første punktum)

Mål: Me vil vera trygge og tydelege omsorgspersonar for barna i barnehagen

For å få til ein god relasjon treng barna aktive vaksne som vågar å by på seg sjølv. Det er viktig å understreke at det alltid er den vaksne sitt ansvar å fgå til ein god relasjon til barna.



Det å vera tilgjengeleg og prioritera å «vera på golvet» gjev høve til gode innfallsvinklar for å skapa kontakt og kvalitet i relasjonane. I Småfolk kallar me det «rumpepedagogikk». Det vil seia at personalet, særleg saman med dei yngste, prioriterar å sitje mest mogleg på golvet. Det tyder også at dei vaksne er aktive saman med barna for å kunne sjå det einskilde barnet og gruppa som heilskap.

Personalet er heile tida på jakt etter gode løysingar og strebar etter barneperspektivet i sine planar og samhandling med barna. Her kjem også korleis ein legg til rette for omsorg i dei ulike kvardagssituasjonane og rutinane i barnehagen inn. Bleieskift er t.d. ei stund for fellesskap og glede.

Like viktig som å kjenne seg verdsett av den vaksne er det å kjenna seg verdsett av dei andre barna i barnehagen. Personalet arbeidar difor aktivt for at alle barn får kjenne seg inkludert i barnegruppa. Vennskap mellom barn er viktig for trivnaden i barnehagen, og i desse møta vert grunnlaget for utvikling av den sosiale kompetansen lagt.

Personalet er oppteken av å rettleie barna og vere gode førebilete for kva rammer som er viktige å ha i møte med andre menneske.

PROGRESJON OMSORG

1-2 ÅR

- Opplive tryggleik i barnehagen
- Vise ulike kjensler
- Ta imot trøst

2-3 ÅR

- Utvikle tillit til seg sjølv og andre
- Påvirke sin eigen kvardag gjennom trygge vaksne
- Be om hjelp

3-4 ÅR

- Tåla egne kjensler
- Vera merksam på egne og andre sine kjensler
- Vise empati
- Hjelp andre

4-6 ÅR

- Setje grenser for seg sjølv ved å t.d. sei nei
- Handtere å få nei av andre
- Trøste andre

Personalet treng:

- Undre seg over: "kvar er eg" i møte med barn i ulike situasjonar
- Tid og rom for tilbakemeldingskultur
- Auka si eiga EQ-kompetanse
- Spegle barna
- Reflektera saman

DANNING

«Danning er ein livslang prosess som mellom anna handlar om å utvikla evna til å reflektere over eigne handlingar og veremåtar. Danning skjer i samspel med omgjevnadane og med andre og er ein føresetnad for meningsdanning, kritikk og demokrati.

Gjennom gode dannelsingsprosessar blir barn i stand til handtere livet ved at dei utviklar evna til å vera prøvande og nysgjerrig på omverda og til å sjå seg sjøve som ein verdifull medlem av eit større fellesskap. Danning er meir enn utvikling, meir enn læring, meir enn oppseiing og meir enn sosialisering. Samstundes rommar danning alt dette. Barn må få utfordringar, sjansen til å utvikle kunnskapar og ferdigheiter og støtte for å handle omsorgsfullt og gjere etisk grunngitte val. Gjennom danning legg ein grunnlaget for allsidig utvikling» (Rammeplanen s. 15)

Mål: Å ta på alvor og halda levande barna sin eigen verdi

I Småfolk barnehage vil kvar og ein få utfalde seg, utforske omverda og utvikle sin personlegdom ut ifrå eigen ståstad, - eg skal bli meg i saman med deg.

Det er stor aksept for mangfaldet og ulikheitene til kvar ein skjild. Me legg til rette og er støttande der barnet er og der det viser oss at det vil vera. Vaksne vil vera gode rollemodellar for barna og ha arenaer for refleksjon over eigen praksis.

Barna vil få utvikla sjølvstende og gi uttrykk for eigne behov og meiningar.

Me legg blant anna til rette for dette gjennom:

- Barna får tidleg lære å eta sjølv
- Dei vert oppmuntra til å kle seg sjølv
- I frileiken får dei velja kva dei vil leika og kva rom dei vil leika på. Me som vaksne støttar der det trengs, rettleiar dei til ein positiv leik og ser til at alle har nokon å leika og samspela med.

I Småfolk er det lov å kjenna og gi uttrykk for ulike kjensler. Dei vaksne er støttande stilas og rettleiar barna i meistring av eigne kjensler (t.d. at det går an å vera sint/lei seg utan å slå).

Barna vil lære å reflektera over eigne handlingar. I Småfolk vil barna få styrke si sjølvkjensle gjennom at dei får rettleiing og støtte i alle situasjonar. Det er viktig at alle får oppleve gode vennskap og gode relasjonar til andre barn og vaksne. Det er difor me er ein EQ-barnehage som har stort fokus på å styrke barn sin emosjonelle inteligen.

PROGRESJON DANNING

1-2 ÅR

- Vera ein del av fellesskapet t.d. ved måltid
- Vise interesse i samling
- Bli kjent med gruppa sine rutinar og normer

2-3 ÅR

- Vise interesse for å vera deltakande i samling
- Forstå rutinar og normer på gruppa
- Få ei kjensle av at EG er viktig, at andre tek meg på alvor

3-4 ÅR

- Hjelpe til med praktiske gjeremål
- Bli kjent med ord, tal, songar, rim etc. på andre språk
- Utvikle kunnskap, verdiar og haldningar i saman gjennom dialog, der alle vert anerkjent som sjølvstendige mennesker med sine kjensler og tankar

4-6 ÅR

- Vise respekt for ulikheter blant mennesker
- Stille spørsmål og yte motstand på eigne og andre sine vegne
- Innrette seg etter rutinar og reglar i barnehagen
- Opplive tilhøyrse til samfunnet, natur og kultur
- Lære å stille spørsmål til seg sjølv og andre. Bli utfordra på sine tankar. Filosofera.

Personalet treng:

- Bruke fuelbox for barn
- Ha ein god og tydeleg infrastuktur
- Dele opp i mindre grupper
- Legge til rette for undring saman med barna
- Trygge og tydelege rollemodellar
- Ha respekt for opplevelsesverda til barna.
- Spegle barna
- Reflektere saman

FORELDRE MEDVERKNAD

Mål: å skape eit ope, ærleg og trygt samarbeid for barna sitt beste.

Foreldre er ein viktig samarbeidspartnar, «barnas beste» er vår felles intensjon. I rammeplanen står det at samarbeidet skal skje i nær forståing med heimen. Det ideelle foreldresamarbeidet er eit gjensidig samarbeid der begge partar gir kvarandre råd, hjelp og støtte. Me ynskjer å ha ein god kontakt med foreldre, der dei kjenner seg trygge på oss vaksne i barnehagen. Me vil visa at me bryr oss og tek dei på alvor. Det er viktig for oss at foreldra kjenner at me vil «bevare dei vel».

Foreldra blir invitert til foreldremøte to gonger i året, eit på hausten og eit på våren. Alle foreldre får tilbod om to foreldresamtalar, også dette på hausten og våren.

For å sikre eit godt samarbeid har barnehagen eit foreldreråd og samarbeidsutval (§4 i lov om bhg.) Foreldreråd er samansett av alle foreldre/føresette medan samarbeidsutvalet har 2 repr. av foreldre/føresette + representantar frå tilsette. Eigarar kan delta etter ynskje. Barnehagen har valgt å ha samme leiar for desse råda/utvala.

Val av nytt samarbeidsutval vert gjort på foreldremøtet hausten 2019.

I dag er samarbeidsutvalet samansett slik:

Leiar for foreldreråd og samarbeidsutval:
Dorthe

Medlem av SU:

Trine

Ørjan Løhaugen

BARNAS MEDVERKNAD

Mål: La barna få høve til å delta i, bidra og hjelpe til i planlegging av aktivitetar og i kvardagen sine ulike gjeremål.

I Småfolk barnehage tek me barn sin medverknad på alvor gjennom å lytta til dei, respektera deira val og støtta dei i gjennomføringa. Me lar barna få «prøva sjølv» og snakkar med dei om kva dei kan ta avgjersler på og kva som er naudsynt at dei vaksne avgjer, og kvifor.



Me er opptekne av at dei vaksne i Småfolk møter barna på ein likeverdlig måte og tek det vaksne leiaransvaret.

Det essensiële i livet for dei aller fleste mennesker, både store og små, er å ha ein nær og kjærleg relasjon til seg sjølv, slik at ein kan skapa ein tilsvarende ærleg relasjon til dei menneska ein verdset og ynskjer å ha i livet sitt. For å kunna skapa ein slik relasjon treng ein å ha tileigna seg eit visst språknivå og i tillegg til ein emosjonell intelligens til eit visst nivå.

Det å lære barna å ta personleg ansvar, det å få eit ærleg og kjæleleg forhold til seg sjølv og andre, er med på å styrke barns emosjonelle intelligens.

ved at barna får ha medverknad på eigen barnehagekvardag, gjev dette dei ei kjensle av å blir tatt på alvor, som også vil styrke deira emosjonelle intelligens.



LEIK

Leik og rørsle stimulerar hjernen.

Leik er barndommens kjennemerke. Barn leikar fordi det er naudsynt for å veksa og utvikla seg.

Leik er læring og barnehagens viktigaste arbeidsmetode.



Korleis gjer me det:

- forstår at alle barn kjem til barnehagen med eit ynskje om å leike.
- ser barna sine initiativ til leik
- legge tilrette for at leik skjer; sette av tid, spennande og nok leike-rekvisittar, opplevsar og innspel som gjev inspirasjon til ny og utvida leik
- hjelper barn til å komme inn i leik
- aktive vaksne som byr på seg sjølv, leikande vaksne som både inviterar og tek imot barna sitt initiativ til leik

Mål:

- støtte barn til sjølvstendig leik.

For at barn skal greie dette treng dei kunnskap og erfaring i bl.a. leiken si oppbygging og korleis den kan drivast framover slik at det blir spennande og interessant.



PROGRESJON LEIK

1-2 ÅR

- Øve på turtaking
- Øvelsesleik
- Toddlerleik
- Titt-tei-leik
- Byrjande paralelleik

2-3 ÅR

- Byrjande rolleleik
- Boltreleik
- Leike over tid
- Kunne leike aleine og med andre
- Dela og halda på leiker
- Forstå å vente på tur
- Tomleleik

3-4 ÅR

- Konstruksjonsleik t.d. bygge tårn av klossar
- Setje grenser for seg sjølv i leik
- Følge opp initiativ til barn og vaksne
- Boltreleik

4-6 ÅR

- Boltreleik
- Mestre rolleleiken ved å kunne leikesignala og delta over tid
- Kunne drive leiken vidare og ta imot impulser frå andre
- Kunne delta i regelleik
- Vera meir sjølvstendig i leik
- Oppsøkje barn på ein positiv måte

Personalet treng:

- Auke kunnskap om leikens eigenverdi
- Reflektera saman
- Vera leikande vaksne
- legge til rette for leik i kvardagen
- Gi rom for spontanitet
- Skape spennande leikearenaer og ha tilstrekkeleg med utstyr/leiker

LÆRING

Barnehagen sitt innhald byggjer på eit heilskapleg læringssyn, kor leik og læring er sentrale deler. Barn lærer gjennom alt dei erfarar, i leik, på stallebordet, ved måltida og gjennom ulike aktivitetar i samspel med andre.

I småfolk barnehage tek me utgangspunkt i at barna er nyfikkne på omverda og ser på seg sjølve som eit verdifullt medlem av fellesskapet i barnehagen.

Me startar med det barna kan og byggjer vidare på det, samstundes motiverar me barna til å søke nye utfordringar og nye opplevingar. Erfaringsbasert læring er eit sentralt omgrep. Me meiner at barnet lærer mykje av å få oppleva, erfara og utforska ting sjølve.

Barnehagen har ei fysisk ramme som gjev barna høve til å halda på med aktivitetar. Dette er også med på å gjera at barna sjølve kan få velja korleis dagen deira vil bli.

Når barnehagen ser at eit barn treng særskild støtte i ulike situasjonar/aktivitetar, tek me i bruk kartleggingsverktøy for å undersøkje nærmare kva utfordringar barnet har. Eit godt og ope foreldresamarbeid er særleg viktig for desse barna.

Me legg til rette for små grupper men har også arbeid med éinskild barn, saman med assistent og /eller barnehagelærer/spesialpedagog.

Dei vaksne er medvitne på korleis dei møter barna og korleis dette møtet påverkar barnets kjensler om seg sjølv, og gjennom dette gi ei god individuell tilrettelegging for det éinskilde barn.



PROGRESJON LÆRING

1-2 ÅR

- Opplive tryggleik i barnehagen
- Kjenne på forutsigbarhet
- Mestringsoppleving i rutinesituasjonar

2-3 ÅR

- Lytte
- Ta imot beskjedar
- Byrjande sjølvstende i rutinar som måltid, påkledning, hygiene etc.
- Bruke heile kroppen

3-4 ÅR

- Vise nysgjerrighet rundt ulike fenomen
- Erfare læring ute i naturen

4-6 ÅR

- Kle på seg sjølv
- Lytte i samling
- Respekt for seg sjølv og andre

Personalet treng:

- Vera nysgjerrige
- Interessert
- Engasjert
- Pålogga
- Legge til rette for einiskildbar og barnegruppa til ei kvar tid
- Reflektera saman
- Nysgjerrig på ulike fenomen og sanningar som er i barnehagen

NYE BARN

Nytt for denne hausten er at me i Småfolk barnehage har laga ein eigen plan for korleis me ynskjer å ta imot nye barn.

Me har valgt å kalle denne tida for tilknytnings-tida, der barn, foreldre og barnehage vil bli kjent med kvarandre. Denne tilknytningsstida startar like etter at barnet har fått tilbod om plass.

Når barnet har fått plass i barnehagen vil foreldra få tilsendt ein kontrakt. Saman med kontrakten ligg invitasjon til foreldremøte for alle barn som vil starte opp i barnehagen enten haust eller vår. På dette foreldremøtet deltek eigarane/dagleg leiar og dei pedagogane som får nye barn på gruppa.



Etter kontrakten er underskrive får foreldra også tilbod om heimebesøk av dagleg leiar og pedagog/tilknytningsperson. Tanken bak dette heimebesøket er å treffe barnet der det er tryggast og å samtale med foreldra om deira tankar rundt barnehageoppstart, samt utveksling av informasjon.

Det vil også bli lagt opp til besøksdagar i barnehagen 1 time kvar veke fram til oppstart. Foreldra melder seg på dette seinast dagen før besøket.

SAMARBEID MED SKULEN

Mål: skape ein god og trygg overgang til skulen

Det er utarbeida ein plan for overgangen frå barnehage til skule i Etne kommune og målet for denne planen er:

- Barnet er kjend med SFO, klassevenner og skulen før skulestart
- Barnehagelærar og lærar har felles møteplassar for forventningsavklaringar, kompetanseutvikling og felles planlegging.
- Barnehagelærar og lærar har kjennskap til kvarandre sine arbeidsområder.
- Føresette kjenner skulen og skulen sitt innhald
- Føresette godkjenner informasjonsoverføring frå barnehage til skule og har høve til medverknad
- Det er ein samanheng og progresjon i læringsinnhaldet i barnehage og skule
- Det er heilskap i opplæringsløpet

Planen legg opp til at alle barn som byrjar på skulen får tilbod om minst 24 timar møter på skulen i løpet av siste barnehageår.

Dersom det er barn heimehøyrande i andre kommunar enn Etne, vil barnehagen ta initiativ til samarbeid med den aktuelle skulen.

I barnehagen har me førskulegruppe ein dag i veka der barna får skuleførebuande oppgåver og aktivitetar. Barnehagane i Etne har også eit godt samarbeid seg imellom der førskulegruppene i dei ulike barnehagane besøker kvarandre. Slik vert barna kjende på tvers av barnehagane før dei byrjar på skulen.

På slutten av året er det tradisjon at me overnattar i barnehagen. Då har me ulike utflukter på ettermiddagen og kos i barnehagen utover kvelden.

DAGSPLAN

06.45 Bhg opnar – frukost fram til kl. 08.30

09.00 Felles songsamling i gymsalen

09.20 Gruppetid

10.45 – 12.00 Lunsj

11.30 Kviletid for dei som søv

12.00 Me kler oss og går ut

14.00 – 14.30 Fruktemåltid/ Hompetitten kjem attende frå tur

17.00 Bhg stenger

GRUPPENE VÅRE

Hompetitten barn født 2014: Utegruppe. Basen deira er multihuset.

Rolpestevlane barn født 2015: Dei deler øverste etage med Kremtoppen

Kremtoppen barn født 2015: Deler den øverste etagen med Rolpestevlane

Romlingane barn født 2016: Dei har grupperommet sitt rett etter branndøra i garderoben nede.

Haugbassane barn født 2016: Dei har grupperommet sitt innerst til høgre i hovudbygget.

Knøttebu barn født 2017: Knøttebu held til nede i påbygget, - innerst til venstre.

Spírrevippen barn født 2017: Deira grupperom er nede i påbygget, innerst til høgre.

Småtassane barn født 2017: Dei held til i det fyrste grupperommet nede i påbygget.

Lykkeliten barn født 2018: Har rom innerst inne til venstre i hovudbygget.

Spíro barn født 2019: Grupperom til høgre rett før kjøken nede

Gruppetida startar ca kl. 09.20 etter felles sangstund i peisestova og varar til kl.14.30. I denne tíða har me samlingsstund, ulike aktivitetar og går på tur. Innhaldet vert planlagt ut frå barna sitt alderstrínn, behov og interesser.

Kvar morgon kl.09.00 har me felles song-stund. Året 2019/20 er temaet norske tradisjonssongar. Dei samme songane går igjen over tid slik at me lærer dei godt. Er det nokre som har bursdag syng heile barnehagen bursdagssong til jubilaranten. Denne stunda har synt seg som ein fin og god start på dagen og ei lærerik stund for både små og store. Me ser at barna tek med seg desse songane vidare gjennom dagen, både som tema i leik og synging/nynning aleine eller saman med andre.

DYRA VÅRE

I Småfolk har me fleire dyr; grisen "Elvis Grisle" og høner og hanar. Desse bur i "fjosen" vår bak barnehagen, - der har dei ein eigen stad å vere både ute og inne.

Oppe hjå Anette er islandshesten vår, Embla. Ho er veldig snill og me kan reise opp å ri på henne.

Dyra våre har dei små stor glede av. Dei er veldig glade i å få vere med å ta del i det daglege stellet og å sanke egg er veldig stas. Stell og kos med dyra skjer alltid under tilsyn av ein vaksen for at både barn og dyr skal vera trygge.



Ei undersøking har synt at barn som veks opp med dyr er flinkare til å uttrykka seg og har lettare for å få kontakt med andre enn barn i familiar utan dyr. Barn som veks opp med dyr, tilpassar seg i det heile betre sosialt, og dei lærer å visa kjensler som omsorg og kjærleik.

DIVERSE

Barnehage til leige

Skulle de ha bruk for eit lokale for møte eller selskap leiger me gjerne ut bhg. Det er byrja å bli veldig populært til konfirmasjonar, så til denne dagen gjeld det å vera tidleg ute. Det er 50 % rabatt for småfolkforeldra.

Bruk for buss?

Me leiger ut bussen nå me ikkje har bruk for den sjølv. Det vil sei at han stort sett er ledig helgar og ettermiddagar. Ein kan kjøpra han på "vanleg sertifikat"



Barnehagestyret

Styreleiar:

Anette L. Hovda

Styremedlem:

Svein Hovda

Nils Rullestad

Frank Abelseth

Anne Grethe Rullestad

OPPFORDRINGAR

Den største gleða ein kan ha det er á gjera andre glad. Me í barnehagen vert **VELDIG GLADE** for alt som er merka (klede, sko, leiker etc) – er dei í tillegg merka med rett navn vert me ekstra glade



Rygg inn på parkeringa. Dette gjev betre oversíkt når de skal vídare ígjén. Elles; spar både pengar og miljø med á "slá av" bílen

Skal barnet ha frí eller kjem seint er det fint om de gír beskjed om dette på førehand. De kan gír beskjed på telefon, sms eller på vígílo

Gí alltid beskjed når de kjem med/hentar barnet. Dersom barnet víl vera med nokon andre heím eller blír henta av nokon andre, treng me fá beskjed. Barnehagen sender íkkje barn heím med andre enn dei som stár oppført på fullmaktskjemaet dersom íkkje anna er avtalt.

Felles samlíng kl. 09.00 - det er fint om barna kjem í barnehagen til denne stunda.

Hjelp oss á halde orden í garderoben. Heng dress/regnklede på statíva, rydd í korga/bytteklede til barna og sjá gjennom "herrelause klede" av og til.

Lukk porten når de kjem og når de gír.

Om de er usikre på formen til barna er det fint om de gír beskjed om dette utan at barnet høyrer. Har barnet sove dårleg, eller er det andre forhold som kan spele inn på barnet, er dette og noko som kan vera greit for oss á víte. Det kan vera alvorleg sjukdom eller dødsfall í nær famílie/vener, skílsmissa eller andre tíng som opptek barnet og famílien.

Mobiltelefon er ein fin tíng, men me set prís på om de og snakkar med oss under bríngíng og hentíng av barn, noko síkkert barnet og gír.

FEIRINGAR OG MERKEDAGAR

Bursdagsfeiring: Barnet får krone og vere med å bestemma bilete på krona. Me feirar gruppevis med fruktspyd, is, smoothie eller fruktsalat. Då vert det bursdags-songar og på dei eldste gruppene seier barna nokre fine ord om jubilanten. Han/ho får også velge seg noko frå bursdagsskapet. På morgonen vert barnet møtt med flagg og gratulasjonar ute på tavla. I fellessamlinga vert det også bursdagssong.

Haustfest: Små og store pyntar barnehagen med haustfargar, lagar betesuppe og syng haustsongar. I år har me haustfest 26. september

Gamlefest: 6-åringane som byrja på skulen kvar haust saknar me alltid. Difor har me gamlefest! Då inviterar me desse på besøk ein onsdag dei har fri frå skulen. Gamlefesten blir 23. oktober.

Kaffifest: Barna inviterar besteforeldra/eventuelt andre dei er glade i (nabo, tante, foreldre...) på kaffibesøk. Barna er med og lagar kaker og boller til festen. Dette er eit tilbod til alle, så dei som ikkje er i bhg denne dagen kan komma i følge med besøket sitt. Desse dagane vert 14 og 15 november.

Nissefest: Ein kveld i desember lagar me til nissefest. Då kler alle seg i nissekle og me får servert graut. Nissefesten er eit tilbod til alle barna i barnehagen i følge med foreldre og vert i år 3. desember.

Lucía: Me bakar mykje Luciaboller på førehand. Barna har med seg noko dei kan bruke til Luciakle og så går me i tog medan me syng Luciasongen. Etterpå kosar me oss med boller. 13. desember er Luciadagen.



Samefolkets dag: Me har aktivitetar som lasso-kasting, bålrensning, prøver oss på samiske songar og et samisk inspirert mat. Samefolkets dag er 6. februar.

Karneval: Alle kjem utkledd til barnehagen og me dansar og kosar oss i gymsalen. Me har sjølvsgatt pinjata som barna slår hol i for å få ut godteriet. Barn som ikkje har dag får tilbod om å komma. Datoen for karnevalet er 21. februar.

Barnehagedagen: Dette er ein dag som vert markert nasjonalt i barnehagemiljøet. Målet er å synleggjera innhald og aktivitetar i barnehagen og bidra til å auke forståinga for arbeidet, - samstundes som det er ei kjekk markering for barn og vaksne. Barnehagedagen er 10. mars.

Påskefrukost: Rundt påsketider diskar me opp med stor frukost. I forkant er barna med å bakar og lagar til mat. Foreldre og sysken er hjarteleg velkomne, og dei kan laga seg gode nister å ta med på jobb eller skule. Det står mykje godt på bordet, både mat og drikke. Påskefrukost blir 2. april

17. Mai: På nasjonaldagen har barnehagen ein sjølvsgatt plass i toget nede i Etne, men me har også ein dag i barnehagen der me øver oss til den store dagen. Då øver me oss på å gå i tog og har tradisjonelle 17. mai leikar. Elles er det sjølvsgatt pølser i brød og gele til dessert denne dagen. I år blir dette 15. mai.



Solsikkefest: Gjennom SOS barnebyer er me blitt ein fadderbarnehage til ein liten gut frå Peru. Denne organisasjonen har ulike materiale og tips me kan ha som aktivitetar. Føremålet med ein slik dag er å gje barna kjennskap til andre land og kulturar. Denne festen er 26. mai

Sommarfest: Ein ettermiddag i juni lagar me til sommarfest for barn, foreldre og familie. Då grillar me og har litt underhaldning og gjere ekstra stas på barna som skal byrje på skulen. I år blir sommarfesten 6. juni.